

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

**Møtestad:** Gloppen hotell, Gloppen

**Dato:** 09.03.2018

**Tidspunkt:** 10:30- 14:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster
Ivar Kvalen	Leiar	Luster
Sven Flo	Nestleiar	Stryn
Jarle Aarvoll	Medlem	Sogndal
Marius Dalin	Medlem	Førde
Venke Kollbotn	Medlem	Gloppen

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjølmeseter	MEDL	Sogn og Fjordane FK

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Odd Atle Stegegjerdet	Karen Marie Hjølmeseter	Sogn og Fjordane FK

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Sekretær/nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_\_Ivar Kvalen, styreleiar\_\_\_\_\_ \_\_\_\_\_Venke Kollbotn, styremedlem\_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/18	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 3/18	Orienterings- og drøftingssakar		
RS 1/18	Svar frå KLD: Behov for auka kapasitet i forvaltninga - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre		2013/2094
RS 2/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - vidare samarbeid med Jostedalsbreen nasjonalparksenter		2018/621
RS 3/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om midlar til ny film – Norsk Bremuseum		2018/79
RS 4/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - forespørslar vedr. oppattmerking av stiar / istandsetting av stiar ved Bødalsetra og Kjenndalen i Loen - Stryn kommune		2018/828
RS 5/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om løyve til bruk av snøscooter i samband med feltarbeid våren 2018 - Høgskulen på Vestlandet		2018/279
RS 6/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - rapport flygeløyve - bygging av Skålabu		2016/1482
RS 7/18	Mål på Storselet på Sunndalssætra		2017/2023
RS 8/18	Sikring av stien til Kattanakken		2017/3618
ST 4/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - endra vilkår etter klage - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp		2017/3208
ST 5/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - motorferdsle i samband med ny panoramafilm - Norsk Bremuseum		2017/3489
ST 6/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - prioritering av tiltaksmidlar for 2018		2017/3850
ST 7/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - kjentmannskøyring med snøscooter - Skjåk Raude Kors		2018/859
ST 8/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsle i samband med måling av is- og snøtjukkeleik - NVE		2018/887
ST 9/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til snøscooterkøyring for snømåling - Glommens og Laagens Brukseierforening GLB		2018/882
ST 10/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - ulovleg		2013/3553

	motorferdsel i samband med idrettsarrangement	
ST 11/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styre og årsplan for 2018	2014/42
ST 12/18	Eventuelt	

## **ST 1/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar til innkalling. Dagsorden på sakane vart noko endra, styret handsama vedtakssakane før orienteringssakane.

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

## **ST 2/18 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen føreslo Venke Kollbotn til å underskrive protokollen i lag med møteleiar.

#### **Vedtak**

Venke Kollbotn vart valt til å skrive under protokollen frå møtet i lag med møteleiar.

Samrøystes vedteke.

## **ST 3/18 Orienterings- og drøftingssakar**

### **Saksprotokoll i -**

Orienteringssakar:

1. Tal og spennande viten frå brukarundersøkinga, drøfting om informasjonshandsaminga vidare.  
Rapporten kjem frå NINA før 1. april, og forvaltar skriv pressemeldingar og får nytt ut i media, med dei ulike styremedlemma i fokus. Formidle resultata til reiseliv og næring rundt breen.
2. Jostedalsbreen nasjonalpark er no med i Emerald Network, lista over Europas mest verdifulle natur.

3. Status og effekt av nasjonalparkfilmen på virale medium.
4. Ny administrativ kontaktperson i Sogndal kommune, Cornelis Ervik.
5. Tilbod frå Miljødirektoratet om ytterlegare sårbarheitsvurderingar.
6. Deltaking i EU-prosjekt med "letter of intent" og nettverk med nasjonalparker med liknande natur.
7. Om utvalet sitt framlegg om overføring av oppgåver til Fylkeskommunen, og status på samanslåinga av fylkesmannsembeta i Hordaland og Sogn og Fjordane.  
Høyringsfrist til ekspertutvalet er 5. mai. Meir enn 80-90% av Skandinavias isbreen ligg i den nye vestlandsregionen, kor skal forvaltninga ligge?
8. Mediehandsaming, m.m.  
Styret tek vanskelege sakar i media, og fokuserer på alle dei viktige sakane om tilrettelegging for folk.

**RS 1/18 Svar frå KLD: Behov for auka kapasitet i forvaltninga - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

**RS 2/18 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - vidare samarbeid med Jostedalsbreen nasjonalparksenter**

**RS 3/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om midlar til ny film – Norsk Bremuseum**

**RS 4/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - forespørslar vedr. oppattmerking av stiar / istandsetting av stiar ved Bødalssetra og Kjenndalen i Loen - Stryn kommune**

**RS 5/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om løyve til bruk av snøscooter i samband med feltarbeid våren 2018 - Høgskulen på Vestlandet**

**RS 6/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - rapport flygeløyve - bygging av Skålabu**

**RS 7/18 Mål på Storselet på Sunndalssætra**

**RS 8/18 Sikring av stien til Kattanakken**

**ST 4/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - endra vilkår etter klage - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp**

**Saksprotokoll i -**

## **Handsaming i møte**

Styret ønskjer at Skåla Opp kjem på eit styremøte og fortel litt om arrangementet.

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

## **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre endrar vilkår 5. om helikopterflyging i løyvet til å arrangere Skåla Opp, datert 15.11.2017. Skåla Opp får løyve til fire landingar før og fire landingar etter arrangementet. Ei av desse landingane er med mannskap som skal ta i mot og handtere utstyret. I 2018 får dei løyve til fem landingar før arrangementet.

Nytt vilkår 5. i løyvet vert derfor:

5. Fire landingar (4) med helikopter innanfor nasjonalparkgrensa i løpet av dei fem vekedagane før arrangementet (fem i 2018) og fire landingar (4) i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet. Føremålet med transporten er å frakte vatn og naudsynt utstyr for gjennomføring av løpet. Løyvet gjeld ikkje helgedagar.

Maks ei (1) av landingane før arrangementet og ei (1) av dei etter kan vere frakt av personell.

Vedtaket bygger på nye og oppdaterte opplysningar som har kome fram når vi har gått gjennom både tidlegare praksis og noverande transportbehov saman med arrangøren.

Vedtaket er heimla i naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, [...]».*

## **ST 5/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - motorferdsle i samband med ny panoramafilm - Norsk Bremuseum**

### **Saksprotokoll i -**

## **Handsaming i møte**

Forvaltar foreslo endring i framlegg til vedtak, der ev endringar i lokasjonsplanen kan vurderast delegert av sekretariatet.

Samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, med heimel i naturmangfaldlova § 48, løyve til Falkeblikk v/ Tore F. Lie på vegner av Norsk Bremuseum v/John Brekke for motorisert ferdsle og bruk av drone i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med innspelninga av den nye museumsfilmen på følgjande vilkår:

1. Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt for filminga, den skal gjennomførast tidseffektivt, og skal følgje den skisserte lokasjonsplanen i søknad og møtereferat, jf. saksutgreiinga.
2. Helikopter, snøscooter eller drone skal i utgangspunktet ikkje synast på den ferdige filmen. Der det er filmteknisk mogeleg, bør drone være føretrekt framfor helikopter med omsyn til støy.
3. Under den motoriserte ferdsla skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området, slik at uroinga blir minst mogeleg. Det skal ikkje flygast i Oldedalen (Briksdalen,

Brenndalen) eller i Lodalen (Bødalen, Kjenndalen) og ved Tungestølen i perioden mars til og med juni grunna sårbart biologisk mangfald. Det skal heller ikkje flygast fredag-søndag eller høgtidsdagar i perioden mai og fyste halvdel av juni på breplatået (lokalitetar som Bings gryte, Flatbreen og Flatbrehytta, Lodalskåpa, Høgste Breakulen, m.fl) grunna friluftsliv.

4. Totalramme for flyging med helikopter er ca 50 timer flyging fordelt over ca 10 dagar.
5. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltaren skal varslast før flyging, og skal kunne utsette flyging i særlege uføresette tilfelle.
6. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding om gjennomført prosjekt, og om eventuelle observasjonar gjort undervegs.

Dersom andre lokasjonar blir aktuelle for filming på eit seinare tidspunkt, får forvaltar mynde frå styret til å vurdere saka delegert jf. delegeringsreglementet. Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er ansvarleg for å innhente løyve frå Sogndal, Stryn, Jølster og Luster kommunar og frå grunneigararar.

## **ST 6/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - prioritering av tiltaksmidlar for 2018**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Framlegg til fordeling vart lagt fram i møtet, og styret syntes det var positivt at det kom fleir midlar til tiltak i år enn i fjor. Oddmund Klakegg sa at det var viktig med bru i Haugadalen opp mot breen, då det var einaste breen med fast breføring no. Han sa at veglaget hadde satt opp toalett og rusta opp parkeringsplassen med eigne midlar. Styret syntes det var flott med bistand til Sunndalsprosjektet frå naboforvaltar Alf Erik Røyrvik og SNO Rune Holen. Forvaltar sa at ein plan/kartlegging av stien til Kattanakken også måtte innehalde ein risikoanalyse. Styret diskuterte korleis ein best burde handsame spørsmål om toalett ved innfallsportane. Einar Målsnes sa at ein bør bidra til å løyse utfordringane, og Marius Dalin sa at det er dårleg bruk av midlar om ein binder opp budsjetta sine til potensielt masse toalett rundt nasjonalparken, og at kommunane bør ta ansvar. Oddmund Klakegg sa at eingongstilskot til toalettbygg bør være bra å bidra med, men at bygdelag/reiseliv/veglag må eige prosjekta.

#### **Vedtak**

Med bakgrunn i totalsummen på kr 870 000,- i tildelte tiltaksmidlar frå kapittel 1420, post 31 over statsbudsjettet, til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2018 vedtek styret følgjande fordeling:

<b>Tiltak:</b>	<b>Sum:</b>	<b>Kommentar</b>
Opprustning av drifteveg i Sunndalen	700 000	Jf. Tidlegare utarbeidd plan. Alf Erik Røyrvik er prosjektleiar.
Innfallsport Supphellebreen	55 000*	Stille midlar i år til disposisjon for Fjærland bygdelag, men stille krav om ein langsiktig løysing og at kommunen tek ansvar på sikt.

Stien til Flatbrehytta		
Breturkartet	Styret sitt budsjett	
Sti Bøyadalen	25 000	
Plan og analyse for Kattanakken	30 000	
Infoskilt langs Nasjonal Turistveg med Breheimen og Jotunheimen	10 000	
Bru i Haugadalen	50 000	
NINA sårbarhetsanalyse	MDir sitt budsjett	
<b>Totalt:</b>	<b>870 000</b>	

\*Nasjonalparkstyret kan ikkje ta drifts- og vedlikehaldsansvar for toalettfasilitetar rundt verneområdet, men bidreg gjerne, med disse midlane, til å finne ei løysing for innfallsporten Supphellebreen i år. Nasjonalparkstyret meiner at kommunen må ta ansvar på lengre sikt, og vil oppmode Fjærland bygdelag å ta dette opp med Sogndal kommune.

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet vurdere om det skulle dukke opp nye moment/endra føresetnadar på dei enkelte prosjekta. Forvaltar bør rådføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom ikkje er kapasitet til å følgje opp alle prosjekta. Styret blir fortløpande orientert om prosjekta i løpet av året.

Viss det dukkar opp trong for midlar til nye, større tiltak utover sommaren kan nasjonalparkstyret v/ sekretariatet be om om ekstra løyvingar i supplerande tildelingsrunder. Fem ferdselsteljarar blir fordelt ut i frå kor styret treng meir informasjon om besøk.

## **ST 7/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - kjentmannskøyring med snøscooter - Skjåk Raude Kors**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av naturmangfoldlova § 48, løyve til kjentmannskøyring til Skjåk Røde Kors v/ Jan Morken for perioden 2017 – 2020 på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld ein tur årleg i perioden 1. januar til 31. mars for åra 2018 til og med 2021 jf. omsøkt trasé, men bør skje så tidleg som mogeleg av omsyn til villrein.
2. Kjentmannskøyringa gjeld for testing naudnett og kjentmannskøyring for inntil 4 snøscootere pluss 1 beltegåande ATV.
3. Hjelpekorpsa skal føre GPS-logg, slik at også naudetatane kan nytte ruta i tilfelle større utrykkingar.
4. Løyvet gjeld ikkje søndagar og andre heilag dagar.

5. Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv, og køyringa skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
6. Løyvet skal takast med under transporten.
7. Rapport med dato, trasé, tal snøscooterar, og ev andre observasjonar skal sendast til nasjonalparkforvaltaren innan 1. juni kvart år.

Nasjonalparkstyret syner elles til Breheimen nasjonalparkstyre sine vilkår.

Nasjonalparkstyret gjer søkjar merksam på at samtykkje også må hentast inn frå grunneigar og frå Stryn kommune.

## **ST 8/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsle i samband med måling av is- og snøtjukkleik - NVE**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Samrøytes vedteke.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt, i verneforskrifta, løyve til NVE v/ Hallgeir Elvehøy for løyve til å nytte helikopter og snøscooter i avgrensa omfang, for å utføre feltarbeid i samband med måling av is- og snøtjukkleik.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- 1) Motorferdsla avgrensar seg til det som er strengt naudsynt for å gjennomføre dei planlagde målingane på ein tilfredstillande måte.
- 2) Ved bruk av snøskuter til transport skal ein så langt som mogleg følgje same rute.
- 3) Motorferdsel vert unngått i helgane (fredag ettermiddag – søndag kveld) og løyvet gjeld i tidsrommet 9.-21. mars 2018. Ved dårlege vêrforhald kan forvaltar utvide tidsrommet.
- 4) Det vert gjevne skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter målinga, gjerne med generelle observasjonar av dyreliv e.a. frå områda.

Vi gjer merksam på at NVE og treng løyve frå grunneigar, då de allereie har fått løyve frå Luster kommune.

NVE og Høgskulen på Vestlandet bør utveksle innsamla informasjon innsamla i verneområdet, slik at det ikkje er naudsynt med overlappande aktivitet.

## **ST 9/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til snøscooterkøyning for snømåling - Glommens og Laagens Brukseierforening GLB**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Samrøystes vedteke.



## **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, med heimel i naturmangfoldlova si § 48, løyve til Glommens og Laagens Brukseierforening for å nytte ruta over Tystigbreen og gjennom Merradalsbotn (sjå trasé på kartet i dette brevet) med snøscooter i 2018 og 2019 som naudrute for å gjennomføre snømåling når det ikkje er mogleg/forsvarleg å bruke ruta direkte frå Rauddalsvatnet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil to turar årleg til snømålestrekk oppstrøms Rauddalsvatnet i perioden 1. mars – 20. april, i tillegg til inntil tre turar med snøskuter for transport av utstyr og material for vedlikehald av bruer på nordsida av Rauddalsvatnet fram til 20. april 2016.
- Bruken av snøskuter til snømåling i Rauddalen skal kombinerast med transporten til vedlikehald av bruer i området så langt det lar seg gjere.
- Køyring skal ikkje finne stad i påska (frå laurdag før palmesøndag til og med 2. påskedag) og i helgedagar.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø (særleg villrein) og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn (SNO), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar.
- GLB sender ein skriftleg rapport om gjennomført motorferdsel innan 1. juli til nasjonalparkforvaltaren det enkelte året dersom ruta gjennom Jostedalsbreen nasjonalpark har blitt brukt.

Andre vilkår satt av Breheimen nasjonalparkstyre gjeld også Jostedalsbreen sitt område, då både start og mål på ruta er på den andre sida av vernegrensa.

## **ST 10/18 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - ulovleg motorferdsel i samband med idrettsarrangement**

**Saksprotokoll i -**

## **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender ei åtvaring til Skåla Opp og til det aktuelle helikopterselskapet for deira brot på vilkår i løyve.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender også eit brev til Klima- og miljødepartementet for å etterlyse framdrift i arbeidet med å få på plass miljøerstatning som verkemiddel i verneområdeforvaltninga.

## **ST 11/18 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styre og årsplan for 2018**

**Saksprotokoll i -**

## **Vedtak**

Nasjonalparkstyret skal møte jamnleg i 2018 for å arbeide vidare med forvaltningsplan og besøksstrategi, gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdian, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- Mars: Styremøte på Gloppen hotell (bestillingsmøte 2)
- April/Mai: Styremøte og seminar om besøksstrategiarbeid på Geilo den 22.-23.mai, i lag med styra for Hallingskarvet, Folgefonna, Breheimen, Stølsheimen og Nærøyfjorden.
- Juni: Styremøte på Jostedalsbreen nasjonalparksenter, ev med synfaring i Erdalen
- August/September: Styremøte, ev med overnatting/synfaring på Kattanakken
- Oktober: Møte med Fagleg rådgjevande utval, ev opning av drifteveg i Sunndalen
- November/desember: Styremøte i Sogndal (bestillingsmøte 1)

Fleire møte er avhengig av om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering. Forvaltar sendar ut framlegg til datoar via doodle.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre lyser ut eit engasjement med kontorlass Gaupne for å auke kapasiteten i sekretariatet. Med større kapasitet vil framdrifta i arbeidet med forvaltningsplan og besøksstrategi komme i mål innan fristen i 2020.

## **ST 12/18 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i -**

### **Handsaming i møte**

Inga sakar til denne posten.